

JULEBREV FRA AUSTEVOLL IDRETTSKLUBB



2022 er snart over, og vi gleder oss til å ta fatt på idrettsåret 2023!

Året byrja med korona ned stenging, men i februar fekk vi opna opp igjen!

AIK drifter framleis Austevollhallen for kommunen. Her er det fullt opp i hallen heile dagen, med ungdomsskulen og vidaregåande på dagtid, og forskjellige lag og idretter ettermiddag og kveld. I tillegg leiger vi ut til private arrangement, som barnebursdager, dåp og konfirmasjoner i helgene.

Open hall har vi hatt ca ein gong i månaden i heile år. Dette får vi støtte til og da er eit gratis arrangement, sånn at alle skal få ein mulighet til å vere med. Då koser borna seg med klatring, hoppemadrass og leikar i hallen. I tillegg får dei vere med i bowlingen, som Svønn-Rune Tøkje gjer ein super jobb med.

Vi har også i år hatt eit godt samarbeid med Lerøy om fiskeprodukt på arrangementa våre, noko som gjer at vi har sunne alternativ i kiosken vår. Dette setter vi veldig stor pris på.

I vår hadde vi eit paraidrettkurs i hallen. Og 7 mai hadde vi opning av ny løpebane, med eigen klasse for parautøvere.

Vi har hatt fleire bowlingkurs, så no håpar vi på å få opp aktiviteten der igjen. Vi skal ha ein sårt tiltrengt service på banen vår, så da ser vi fram til.

I år har vi hatt tre ungdommar på «Leiarkurs for ungdommar» gjennom Vestland Idrettskrets. Dei har gjennomført ein Open hall for ungdommar, etter kurset, noko som gjekk veldig bra. Dei som deltok på kurset var Julie Albrektsen, Astrid Salthella og Hedda Haugsmyr. Desse flotte jentene kjem vi nok til å sjå og høyre meir frå i framtida!

Vi har for tida 725 medlemmer i klubben vår, og mange av desse er med på fleire aktivitetar.

I sommar slutta Anne Berith som dagleg leiar i klubben, etter å ha vore ansatt her i 18,5 år. Og ny dagleg leiar, Lena Bjorøy, har store sko å fylle.

Her er litt info frå dei forskjellige gruppene våre:

JULEBREV FRA AUSTEVOLL IDRETTSKLUBB

Barnetrim: Kvar tirsdag har vi barnetrim som i år blir leia av Malene Drivenes og Gunn Torill Bjånes. Dei gjer ein god jobb med alle borna som kjem for og leika seg i hallen.

Allidrett: I år har vi satt ei grense på 30 barn i denne gruppa. Dei får vere med på forskjellige idrettar kvar veke, inndelt i grupper. Dei som gjer ein super jobb med denne gruppa er Malin Hatlevik, Janne Jacobsen, Cecilie Bjorøy Farningham og Aud Iren Troland. Og for nokre veker sidan var vi så heldig å få med oss Emilie Holmefjord, som har god erfaring frå turn.

Klatring: Da har vore tre klatrekurs i år, og vi har fått fleire nye medlemmer. Dei trener to dagar i veka i klatreveggen og buldrerrommet.

Skøyter: Skøyter har vore lite aktiv i 2022. Dei skal til Slåtthaug og ha Austevollsprinten no i desember. Ellers så håpar dei på kaldt og fint vær, sånn at da blir perfekt is på Paddatjødne.

Turn: Turn består framleis av ei gruppe med trufaste aerobic damer, som har trening kvar torsdag i speil salen. Helga Rabben er trenar for desse damene, noko ho har vert i mange år.

Volleyball: I år har vi hatt open dag for alle interesserte, og vi har fått fleire medlemmer. Nå trener vi mikks, damer og herrar i lag. Til neste år ønsker vi å få til ein bedriftscup. Men for at vi skal få da til treng vi sponsorar og interesse for ein slik cup. Om alt går seg til vil vi opne opp for minivolleyball, til da treng vi engasjerte foreldre. Kanskje vi til og med klarer ein hobbyturnering.

Badminton: Endeleg fekk vi starta på ein ny sesong under heilt normale forhold. Det var godt å sleppe og vere bekymra for om treningane skulle stengje ned. Badmintongruppa har fått kjenne på etterverknadane av pandemien. Fleire utøvarar har slutta. Heldigvis har gruppa framleis eit godt og spanande rykte på seg, og nye og nysgjerrige utøvarar har kome til i løpet av hausten. Per i dag har gruppa 40 deltakarar fordelt mellom 26 barn/ungdom og 14 vaksne.

Framleis har badminton 4 treningar i veka i idrettshallen fordelt mellom 2 treningar for barn og ungdom og 2 treningar for vaksne. Utøvarar som tidlegare konkurrerte på nasjonalt nivå, har reist vekk for å gå på skule. Vi deltek kun på lokale turneringar per no, men har ambisjonar om å få utvikla nye utøvarar nok til å kunne delta på nasjonalt nivå igjen. På dei to turneringane vi har delteke på i haust, vart det fleire medaljar med heim i bagasjen, deriblant fleire gull.

Etter nyttår kjem gruppa til å delta på lokale turneringar kvar månad utover våren. Den store «happeningen» for våren blir «NORWAY OPEN» som skal arrangerast 10.-12. mars på Sotra. Det er eit samarbeidsprosjekt

JULEBREV FRA AUSTEVOLL IDRETTSKLUBB

mellom alle klubbane i badmintonkretsen Vest. Denne turneringa er unik i og med at den er den største badmintonturneringa som har vore arrangert i Noreg. Dette blir utruleg spanande, og det blir gulrota vi skal trene fram mot.

Dersom du kjenner på at det kunne vore kjekt å prøve ut badminton, er du hjarteleg velkommen inn i gruppa vår.

Gruppa ynskjer alle saman ei smashing jul 😊

Fríidrett: Fríidrettsgruppa starta året med å arrangera dommarkurs. To nye aspirantar blei uteksaminerte og dei andre fekk ei fin oppfrisking. Totalt har fríidrettsgruppa no 11 dommarar, dette er nok til og klara å avvikla større arrangement blant anna nasjonale stemner, som Austevoll-Leikane. Målet er å arrangere endå eit dommarkurs ut på våren 2023.

I midten av april starta arbeidet med toppdekket på løpebanen opp at, etter at det vart avslutta på hausten, då vèret ikkje var godt nok til denne type arbeid. Det vart lagt ned stor innsats for å få alt klart til opningsstemnet den 7. mai, som var Austevoll-Leikane. Det klarte gruppa, og det vart høgtideleg opning der kommunen og Hordaland fríidrettskrets var til stades. Mange klubbar i Hordaland var representerte, men det var sjølv sagt flest lokale utøvarar som var ivrige etter å prøva det nye fine dekket. Totalt 107 deltakarar stilte til start, mange av dei konkurrerte i fleire øvingar. Rundt 20 funksjonærar måtte til for å gjennomføra arrangementet.

1.juni og 8.juni arrangerte fríidrettsgruppa skulemeisterskap ilag med skulane for 5. - 7. klasse og for ungdomskulen. Før i tida var dette eit fast samarbeid skulane og fríidrettsgruppa hadde. Fríidrettsgruppa er svært glad for at dette samarbeidet er i gang att.

5 - 7. Klasse

Totalt deltok det 246 elever. Dei fleste deltok i 3 øvingar kvar. Dei 3 beste i kvar klasse og øving fekk medaljar. Det vart mange fine resultat.

Ungdomsskulen.

Her var det med ca. 201 elevar. Dei fleste her var med på 3 øvingar kvar. Dei 3 beste i kvar klasse og øving fekk medaljar. Mange fine resultat og god stemning.

27.juli - 1.august var fríidrettsgruppa med på å arrangere sommarleir for 5-7 kl. Det var 100 påmeldte. Arrangementet var eit samarbeid mellom Austevoll Idrettsklubb, Selbjørn Idrettslag, Seilforeningen og Austevollsbadet. Arrangementet varte i 5 dagar frå kl 10 - 14. I løpet av fire dagar var alle deltakarane innom mange forskjellige idrettsgreiner og ein av dei var

JULEBREV FRA AUSTEVOLL IDRETTSKLUBB

fríidrett. Arrangementet vart avslutta med samling på Selbjørn der alle gjekk tur til Kongsen og grilla og bada i Juthålo.

Fríidrettsgruppa arrangerte Austevollsmeisterskapet den 27.august. Det vart først og fremst rekrutteringsklassane som dominerte dette stemnet. Iveren var stor og dei fleste deltok i fleire øvingar. 56 deltakarar var med og dei gjennomførte 130 enkeltstartar.

I haust starta fríidrett opp 4 treningsgrupper. 1-4 kl, 5. - 7.kl, ungdom og vaksne og veteraner. Det er ein fin gjeng i alle gruppene. Målet er at det blir fleire etter kvart.

I år blei det ny løype for Austevollsløpet. Løypa er nøyaktig 5 km og er svært flat, noko som er populært no for tida. Løypa er kontrollmålt slik at rekordar kan bli godkjende og registrerte på statestikkar for gateløp. Me hadde òg EQ-TIMING her for å ta tida. Neste år er det 40 års jubileum. Me har flytta til litt seinare på året og reknar med å vera tilbake med eit solid Austevollsløp då.

Ellers har fríidrettsgruppa investert i ein del utstyr dette året, slik at det igjen går ann å arrangera nasjonale stemner. Me har òg oppgradert det elektroniske tidtakar systemet, slik at det blir tipp topp til neste sesong.

I tillegg til at fríidrettsgruppa har fått eit fantastisk flott nytt anlegg, har fríidretten og folket elles fått ein lyshare. Austevoll Idrettsanlegg er det einaste anlegget som har dette på ein løpebane her i Vestland krets. Tirsdag den 6.desember var den ferdigmontert, onsdag 7. desember var det høgtideleg opning med varaordførar Anja Heggholmen. Entusiasmen var stor blant dei framømte, som alle fekk vera med på første offisielle runde. Dessverre blei det snø dagen etter, men dette vert eit fantastisk hjelpemiddel for både aktive og mosjonistar. Fríidrettsgruppa jobbar no med å tilpassa haren etter innmelde behov. Alt blir gjort for at dette skal bli eit flott reiskap for alle.

Det einaste fríidrettsgruppa ikkje har fått gjort i år, som sto på programmet, er å arrangera trenarkurs. Det vil bli arrangert litt ut på nyåret.

Fríidretten ynskjer å byggja opp trenar team for dei ymse gruppene slik at det ikkje vert så mykje ansvar på ein person. Alle gruppene vert i dag trena av eit par ivrige skjeler, men gruppa treng fleire. Fríidrettsgruppa ser difor fram til at mange melder seg på trenarkurset over nyåret. Dette kurset er og tilrettelagt for lærarar, slik at dei kan bruka anlegget på ein hensiktsmessig måte i skuletida.

2022 har vore eit fantastisk år for fríidrettsgruppa. Nytt fantastisk anlegg, nytt utstyr, lyshare som dei einaste på Vestlandet og gruppa er godt i gang med aktivitetar. Målet til neste år er å gjera det endå betre. Fleire på treningane. Gruppa vil ikkje berre arrangera stemner, men vil ut og reisa

JULEBREV FRA AUSTEVOLL IDRETTSKLUBB

med utøvarane på stemner rundt i landet. Målet er å bli som gruppa var på -80, -90 talet. Det er ingen grunn til å ha lågare målsetjing. Austevoll er full av talentar og positiv ungdom, slik var det før og slik er det no. God Jul og godt nytt år til alle.

Fotball: *Etter to år med korona var fotballen endeleg tilbake til normalen i 2022*

Om ikkje treningsaktiviteten hadde vært stor tidlegare, så var det i vinter/vår full rulle med store og små på anlegget til langt utover kveldane. Og aktiviteten har til dags dato ikkje avtatt.

Cupdeltagelsen til våre aldersbestemte lag må i år ha vore rekordhøg, alle ville på cup. Vinterserien kom i gang igjen, da blei Austevollserie, og «normalt» seriespel blei sparka i gong.

Dei tradisjonelle lokale cupane var godt bekledd med oransje drakter, og fleire lag var på Voss og Sogndal. G-2007 var på Dana-Cup.

Haustsesongen ble innleia med fotballskule i august, og 200 gutter og jenter i barneskulealder hadde to flotte dagar saman med flinke og engasjerte instruktørar.

I oktober arrangerte AIK Austevollserie, denne gangen utan nedbør.

A-laget endte til slutt som nr 5 av 12 i 4.divisjon, og laget slo skikkeleg frå seg i fleire av kampane.

Eit til dels meget ungt b-lag endte som nr 5 av 9 i 6.divisjon.

Det har vore 10 ungdomslag påmeldt i serien, og i barnefotballen har vi hatt serietilbod til 7 lag, og 8 lag har hatt trening og cup tilbod.

Austevollfotballen har verkeleg slått frå seg og gjort seg bemerkta i lokalfotballen med fleire sterke resultat i både serie og cup.

Ein fantastisk innsats er lagt til grunn både på og utanfor banen.

Stjernelaget har også hatt aktivitet i haust og har også deltatt på cup.

Fotballfritidsordninga Telenor Xtra er blitt eit populært tilbod to dagar i veka, og da er i haust 30 deltakarar. Her har Trond Fredrik Ludvigsen og hans assistentar gjort ein fremragande jobb.

Ønsker også å takka trufaste samarbeidspartnarar som hjelper oss å holde god aktivitet og drift i AIK.

Vi er veldig takknemleg for at vi har så mange flinke trenarar som bruker utallege timer av fritida sin på anlegga våre saman med klubbens born og unge.

JULEBREV FRA AUSTEVOLL IDRETTSKLUBB

Dei sprer fotballglede og er ein viktig del av samfunnsengasjementet i Austevoll. Tusen takk for innsatsen.

Vi går for meir Stolthet og Glede i 2023.

Symjing:

Året 2022 starta med at all trening gjekk som normalt. Da einaste unntaket var at da ikkje var lov med publikum på stemner dei fyrste månadane grunna korona. Heldigvis endra dette seg utover året og da blei igjen tillatt med publikum på stemnene til glede både for foreldre og symjarane.

I mars hadde vi heile 10 symjarar som var kvalifisert for LÅMØ, noko som er ny rekord for symjegruppa. 3 av jentene, Ingvild Sandtorv, Lily English og Ida Olausson Haukanes er berre 11-12 år.

I april kvalifiserte 8 jenter seg til det internasjonale stemnet, Bergen Swim Festival. Dette stemnet har vore avlyst i 2 år grunna pandemien, men i år gjekk da altså som planlagt. Vi er stolte av at så mange av våre symjarar kvalifiserte seg til dette stemnet.

Sidan det har vore sterke restriksjonar for å konkurrere tidlegare i 2020 og 2021, slutta mange symjarar, spesielt i konkurransegruppa. Da er vi veldig lei oss for, men symjegruppa har no ei yngre gruppa som har overteke, som er både stor og sterk. Vi er veldig glade for den nye rekrutteringa. Dei som har valgt å fortsette, har verkeleg utvikla seg og er heilt i norgestoppen i dag.

Det har dessverre ikkje blitt arrangert så mange uapproberte stemner, men no i desember hadde vi 2 symjarar som deltok på et stemne. Vi håpar på at da vil bli fleire deltakingar til neste år.

På den approberte delen derimot har vi fått delteke på mange heile året. Og her har symjegruppa frå Austevoll verkeleg gjort seg bemerkta og skrevet mange nye historiske bragder.

Som tidlegare nemnt var da heile 10 jenter som kvalifiserte seg til LÅMØ, noko som er historisk for Austevoll. Vidare var da 4 jenter som kvalifiserte seg til ÅM (årsmesteklasseskap). Mia Sørvik (15 år), Thea Våge (16 år) og Klara Nilsen (15 år) og yngste symjar Margrethe Karlsen (12) som da er blant dei 30 beste i sin årsklasse i HEILE Norge! Austevoll har aldri kvalifisert seg til ÅM med ein så ung symjar før. Og som om da ikkje var nok kvalifiserte heile 4 jenter seg til Nordsjøstemnet, eit stemne med høge internasjonale krav, nemleg Thea Våge, Mia Sørvik, Klara Nilsen og Silvia Hufthammer (15 år).

Vidare har Mia Sørvik og Klara Nilsen kvalifisert seg og delteke i UM (ungdommens norgesmeisterskap). Her symde dei så bra at dei kvalifiserte

JULEBREV FRA AUSTEVOLL IDRETTSKLUBB

seg vidare til NM. Dette er heilt historisk for symjinga i Austevoll. Da er ingen tvil om at symjegruppa held eit veldig høgt nivå no, mykje takka vere dedikerte trenarar som Odd Ivar og Anna Nilsen.

Symjegruppa har hatt 37 symjeinstruktørar og trenarar i vår, mens ved oppstart i haust endte vi på 30 stykker. Vi ynskjer å takka alle våre dyktige instruktørar og trenarar, som har lagt ned betydeleg innsats for å sørge for at undervisninga går mest mogleg som normalt, samtidig som dei passar på at smittevernet er på plass.

Gruppa har hatt både livredningskurs og trenarkurs i Austevollbadet. Linn Benedicte Våge takka av som leiar i mars og ny leiar tilrådde 15. mars. Den nye leiaren er Cathrine Nøttveit, som tidlegare har vore med som styremedlem i symjegruppa. Annette H Tøkje jobbar som administrativ leiar, medan Linn Benedicte Våge og Tomas B Reikvam også er med i styret. Geir Johannessen trakk seg ut av styret i haust, men er framleis instruktør og med oss der.

Året 2022 ble eit suksessår utan like! Vi har hatt mange gode prestasjonar og kvalifikasjonar som ingen kunne drøymt om. Da å kunne stille med 2 symjarar til NM i frå Austevoll er ein stor prestasjon og historisk. Vi er utruleg stolte av desse symjarane og håpar på god rekruttering fram øve slik at vi framleis kan være med i norgestoppen.

Austevoll Idrettsklubb vil med dette takka for all støtta vi har fått hjå våre sponsorar både i form av pengar, gaver, anlegg og utstyr.

Utan hjelp frå dykk kunne vi ikkje driva klubben vår slik vi gjer i dag. Vi vil og takka alle frivillige i klubben, som gjer ein fantastisk jobb for alle born og unge i klubben. Utan frivillige kunne vi ikkje hatt alle tilboda vi har pr i dag.

God Jul og eit godt nyttår.

Austevoll Idrettsklubb